



**Måndag kveld var to av dei tre brislingbruka frå Halsnøy på veg inn til Sandakaien for proviantering på SPAR.
Sjohav var først og så kom Vaaghav etter (biletet).
Fisket betyr med andre ord ei auka omsetnad også for butikken i Uskedalen.**

Fiskarane kunne slå fast at fisket no om dagen absolutt er 'brukande' innanfor det begrensa området i Hardangerfjorden der det er tillete for tida.

Dei kunne opplysa at det er steng både ved Ånuglo, Skorpevågen (på utsida av Skorpo) og Ølve. Ei av dei siste nettene var lyset frå brislingbåtane så intenst utanfor Skorpo at nokre trudde Bergen brann!

(Foto: Ola Matti Mathisen)